

**Avtala om Det europeiske
økonomiske samarbeidsområdet**

EØS-komiteen

AVGJERD I EØS-KOMITEEN

**nr. 109/2000
av 22. desember 2000**

**om endring av vedlegg II til EØS-avtala (Tekniske forskrifter, standardar,
prøving og sertifisering)**

EØS-KOMITEEN HAR –

med tilvising til avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, justert ved protokollen om justering av avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, heretter kalla “avtala”, særleg artikkel 98, og

på følgjande bakgrunn:

- 1) Vedlegg II til avtala vart endra ved avgjerd i EØS-komiteen nr. 107/2000 av 30. november 2000⁽¹⁾.
- 2) Kommisjonsvedtak 2000/166/EF av 23. februar 2000 om lenging av fristen for mellombels godkjenning av det nye aktive stoffet kinoksyfen⁽²⁾ skal takast inn i avtala –

TEKE DENNE AVGJERDA:

Artikkel 1

I vedlegg II kapittel XV etter nr. 12j (kommisjonsvedtak 2000/180/EF) i avtala skal nytt nr. 12k lyde:

“12k. **32000 D 0166:** Kommisjonsvedtak 2000/166/EF av 23. februar 2000 om lenging av fristen for mellombels godkjenning av det nye aktive stoffet kinoksyfen (TEF L 52 av 25.2.2000, s. 44).”

⁽¹⁾ TEF L 45 av 15.2.2001, s. 45, og EØS-tillegget til TEF nr. 8 av 15.2.2001, s. 46.

⁽²⁾ TEF L 52 av 25.2.2000, s. 44.

Artikkel 2

Teksta til kommisjonsvedtak 2000/166/EF på islandsk og norsk, som vil verte kunngjort i EØS-tillegget til *Tidend for Dei europeiske fellesskapa*, skal verte gyldig.

Artikkel 3

Denne avgjerda tek til å gjelde 23. desember 2000, på det vilkåret at EØS-komiteen har motteke alle meldingar etter artikkel 103 nr. 1 i avtala^(*).

Artikkel 4

Denne avgjerda skal kunngjerast i EØS-avdelinga av og EØS-tillegget til *Tidend for Dei europeiske fellesskapa*.

Utfërda i Brussel, 22. desember 2000.

For EØS-komiteen
Formann

G. S. Gunnarsson

Sekretærer for EØS-komiteen

P.K. Mannes

E. Gerner

^(*) Ingen forfatningsrettslege krav oppgjevne.